



Eining: Samfunn
Saksbeh.: Tonje Ramse Trædal
Direkte
tif.: 37185264
E-post: tonje.ramse.traedal@amli.kommune.no
Vår ref.: 2016/1087 - 17 Lnr.: 6790/2017
Dato: 14.11.2017

Retningslinjer for bruk av Elvarheim samfunnshus

Retningslinjene gjeld frå 01.01.2018, og erstattar tidlegare «Grunnreglar for heradshuset Elvarheim» frå 1925. Retningslinjene er behandla i Åmli kommunestyre 14.12.2017.

Retningslinjene gjeld bruk av festsalen i 2. etasje med garderobar, toalett og kjøken.

Retningslinjene gjeld ikkje dei romma Elvarheim museum disponerer. Brukarane har ikkje tilgang til desse romma utan særskilt avtale med Elvarheim museum.

1. Alle lag og foreiningar i Åmli kommune kan bruke Elvarheim kostnadsfritt, etter avtale med Åmli kommune.
2. Elvarheim kan leigast ut til eksterne og privatpersonar mot ei leige på 500 kr, etter avtale med Åmli kommune. Leiga skal dekke kommunens utgifter til reinhald, samt forbruksmateriell som papir, handsåpe og straum.
3. Alle brukarar av Elvarheim pliktar å sette seg inn i kommunens branninstruks for Elvarheim.
4. Nøklar til Elvarheim blir utlevert på Åmli Rådhus, og skal leverast same stad etter bruk.
5. Lokalet skal vere ryddig etter bruk. Alle brukarar av Elvarheim må sjølv sørge for å sette fram og rydde bort stolar og bord. Bord skal plasserast i lageret til høgre for inngangsdøra til salen. Stolane skal stå minst 50 cm ut frå veggen/varmeomnane.
6. Brukarar av Elvarheim kan nytte kommunens serveringsutstyr til mat, men må sjølve sørge for oppvask og søppeltømming i kommunens søppeldunkar utanfor bygget.
7. Servering av alkohol skal berre skje i lukka selskap. Det må søkjast om ambulerande skjenkeløyve i kvart tilfelle.
8. Brukarar som ikkje rettar seg etter desse retningslinjene kan nektast gjentatt bruk av Elvarheim.
9. Brukarar av Elvarheim må signere på at dei har sett seg inn i gjeldande retningslinjer.

Underteikna er kjent med dei retningslinjene som gjeld for bruk av Elvarheim samfunnshus:

Stad, dato

.....

Signatur

.....

